

Høringsuttale til

Kommunedelplan for Kultur, idrett og friluftsliv Alver kommune

Frå IL Kvernbit

### «Flatøyosen Fellesnaust»

Uttale og konkret framlegg til mogleg utforming. Sjå vedlagt arkitekt teikning.

Illustrasjon viser mulig utforming av sjøsportsenter i Skitnedalsvika i Flatøyosen. Her ønsker Ro seglgruppe og padlegruppe i idrettslaget Kvernbit å få bygd eit allsidig anlegg for roing, segling og padling.

Anlegger vil trenge køyrbar gangveg frå riksvegen ned til sjøen ca. 350m. Ved riksvegen er det over 70 parkeringsplasser så ekstra parkering til anlegget er ikkje nødvendig.

Denne tilkomsten med brygger ved sjøen i Skitnedalsvika og god gangveg ned til sjøen vil også få stor betydning når «Kommandantbustad» på Håøy blir satt i stand av BOF (Bergen og Omland friluftsråd.) Det vil då også bli mogleg for rørslehemma og besøke Håøyområdet med noko til rettelegging her for ilandstiging.

Det er pr. i dag ikkje anlegg for jollsegling i Alver kommune. Eit sjøsportsenter i Skitnedalsvika kan sjølvstilt tilrettelegges for fleire lag og organisasjonar i Alver kommune som ynskjer tilrettelegging for roing, padling og segling med mindre farkoster utan motor.

Eit sjøsportsenter i Flatøyosen i kort gangavstand frå buss stopp ved riksvegen og god plass til sykkelparkering vil vera svært godt tilbod for skulane i Knarvik, Frekhaug, Alversundområdet og skulane elles i Alver.

Ro og seglgruppa som har eigne båtar har allereide arrangert fleire aktivitsdager for fleire skular, men tilkomst til sjøen er i dag vanskeleg og svært arbeidskrevande